

Hr. Munkejord og Nord-Norge.

(På anmodning optatt efter «Midnatsol».)

Hr. Munkejords syn på Nord-Noreg er så svart og falsk at det treng eit lite svar.

Tilhøva er ikkje alltid små og fattigslege nordpå, hr. M. Her finst veldyrka gardar, vide skogar, rike gruver og tusund av skip og båtar på fjord og hav. Sjølve natureu er altfor rik og veldig til å skape «små» tilhøve. Den som kjenner nordlendingen, veit og at han er mann for å halde det han lovar, løgnarar og svikarar finst det like mange av sørpå som her. Og vil ein vite noko om åndeleg sans og interesse, så bør ein vere med i ungdomslaga ei tid. Der kunde ein og få lære noko om folkekarakteren og daninga i Nord-Norge. Fordøminga skulde ikkje kome så trygt etterpå.

At folket her er godtsom heidningar, og har så vore i hundrad år, er vel og nytt for dei fleste.

Skulde det attåt vere rett at fokelyndet stengjer kristenlivet ute, så ser det ikkje lyst ut for ein nordlending! — No vil alle nordlendingar vite, at folk jamt over er djupt religiøse. Men det psykologiske grunndraget i folket gjer det hedigvis vanskeleg å tvinge det religiøse livet her inn i mørke og tronge former som somme andre stader.

Dette skjønner nok den blinde biskop Berggrav og dei prestane som hr. M. kaller undermåls. — Det hender elles ikkje sjølvstakt at prestar lyser velsigninga på ein dans, slik som ein må tru av det hr. M. skriv.

Til slutt får vi vite at folk her er mindre oplyste og har mindre trong til kunnskap enn sørpå! Forfatteren skulde ha tala litt med nokre av dei mange kunnskapsrike og kunnskapshungrande ungdomar ute i bygdene. Det vilde ha gjort ham godt.

Feilen med hr M. er at han gjer udantaka til regel. Han skulde vite betre. Difor er det så mykje verre at han skriv som han gjer. Han er lærar på Ungdomsskole. Med sitt svartsyn på Nord-Noreg og folket her må han i sanning vere ein velsigna vegvisar for nord-norsk ungdom!

Hilmar Rørmark.